



Professor dr. juris Erling Johannes Husabø  
Tlf: 55589568 Fax: 55589570

Bergen 14.02.02

Justisdepartementet,  
Lovavdelinga

### ***Strafferettslege tiltak mot terrorisme***

Eg viser til samtale i lovavdelinga den 08.02.02, og tillet meg å koma med enkelte merknader til høyringsnotatet.

Merknadene må sjåast i lys av dei synspunkta eg sette fram i ein kronikk i Aftenposten den 08.02. For meir generelle synspunkt på kriminalisering av førebuingshandlingar viser eg dessutan til boka Straffansvarets periferi, som det også blir vist til undervegs.

Drøftinga vert hovudsakleg avgrensa til dei forslaga til endringar i straffelova som er direkte relaterte til Resolusjon 1373, først og fremst kapittel 7-9 i høyringsnotatet.

#### **1. Den folkerettslege bakgrunnen**

Hendingane i USA den 11. september i fjor fekk verdssamfunnet til å setja inn ekstra kraft og fart i kampen mot internasjonal terrorisme. I dette arbeidet inngår naturleg også ein gjennomgang og revisjon av nasjonal lovgiving, for å sjå til at styresmaktene har tenlege rammer for å etterforska og straffa personar som utfører eller planlegg terrorhandlingar.

Folkerettsleg sett representerer Resolusjon 1373 likevel noko nytt og banebrytande. Sikkerhetsrådet sine fullmakter etter FN-pakta kapittel VII gir rådet ein særeigen posisjon i verdssamfunnet. Det kan gjera vedtak som er folkerettsleg bindande for alle medlemsland (dei fleste utan representasjon i rådet), og som går føre alle andre folkerettslege plikter (jf art. 103). Fram til nyleg har Sikkerhetsrådet nytta desse fullmaktene til å gi pålegg om tiltak som i rom og tid er avgrensa til bestemte land eller konflikhtar.

Med Resolusjon 1373 nytta Sikkerhetsrådet for første gong dei særskilte fullmaktene etter FN-pakta til å påleggja medlemslanda generelle og permanente lovgivingstiltak mot ein bestemt type kriminalitet. Det er grunn til å merka seg at ein i resolusjonen omtalar ei kvar terrorishandling som "a threat to international peace and security", som er eit stikkord for rådet sine fullmakter. Dette kan gi inntrykk av at Sikkerhetsrådet er i ferd med å etablere seg som ein overnasjonal lovgivar på dette (vide) området, så lenge faren for terrorhandlingar står ved lag.

Diskusjonen om dette vil vera ei legitim og ønskjeleg utvikling, skal eg lata liggja her. Politisk sett er det nok lite sannsynleg at rådet vil gå inn i ei meir permanent "lovgivarrolle".

Resolusjon 1373 må forståast på bakgrunn av den særeigne situasjonen i september 2001, med eit storstilt terror-åtak mot byen der FN har sete.

Ved tolkinga av Resolusjon 1373 er det etter mitt syn viktig å ta omsyn til denne særeigne historiske og rettslege bakgrunnen. Resolusjonen stammar frå eit internasjonalt organ som har tryggingsspolitikk og ikkje kriminalpolitikk som si hovudoppgåve. Resolusjonen vart dessutan til på få dagar, etter drøftingar mellom ei utvald gruppe av land. Det er difor grunn til å tolka resolusjonen på ein noko annan måte enn tradisjonelle folkerettslege avtalar. Resolusjonen må tolkast meir som eit politisk dokument, som gir rom for tilpassing til nasjonal rett og rettstradisjon. Særleg må dette etter mitt syn gjelda dei delane av resolusjonen som omhandlar andre spørsmål enn terrorfinansieringskonvensjonen, eller som går lenger enn denne.

## 2. Terrorisme-paragrafen

### 2.1. Generelt

Som departementet viser til, har det internasjonalt vore vanskeleg å bli samde om ein definisjon av terrorisme. Men når Resolusjon 1373 og terrorfinansieringskonvensjonen skal gjennomførast i norsk rett, blir lovgivar nøydd til å klargjera omgrepet. Då synest det lovt teknisk sett ryddig å etablera ein eigen terrorisme-paragraf i straffelova kapittel 14, slik departementet føreslår.

Terrorisme-paragrafen (§ 147a første og andre ledd) opnar ikkje berre for ei vesentleg straffeskjerpning. Regelen er også eit knutepunkt for reglane om førebuing og finansiering, og dermed eit sentralt ledd i den nykriminaliseringa som vert føreslått. Det er difor grunn til å peika på legalitetsprinsippet som rettsstatleg ide og rettesnor for lovgivar (Periferi s. 370-371). Dette tilseier at lovgivar gjer sitt ytterste for å klargjera omgrepet terrorisme. Her er det behov for ytterlegare arbeid.

Terrorisme vert definert ut frå ein kombinasjon av visse ytre handlingar og eit meir vidtgående (terroristisk) forsett. Dette synest å vera ein god innfallsvinkel. Det er også ein klar fordel at ein let vera å trekkja inn i definisjonen det politiske, religiøse eller idealistiske målet for handlingane. Dette kan skapa utydelege signal i høve til yringsfridomen og religionsfridomen. Ved å fokusera på forsettet om å framkalla alvorleg skade eller frykt, eller tvinga styresmaktene, vert det tydeleg at det ikkje er tru og tanke som samfunnet set grenser for, men konkrete, sterkt skadelege handlingar.

Behovet for ei ytterlegare klargjering knyter seg dels til ei konkretisering av dei verna interessene (2.2) og dels til ei klarare avgrensing av kva handlingstypar som vert omfatta av (hovud)regelen (2.3).

### 2.2. Konkretisering av dei verna interessene

Innføringa av eit særskilt straffebod mot terrorisme kan sjåast som ei utbygging av det vernet som straffelova gir for vår felles tryggleik (og tryggleikskjensle). Medan straffelova kapittel 8 og 9 fokuserer på den norske staten og dei norske statsorgana, talar terrorisme-paragrafen heilt generelt om "land", "organsisasjoner" og "strukturer". Eit stykke på veg er dette ei naturleg og nødvendig utvikling. Både den generelle globaliseringa, og terrortrusselen meir spesielt, gjer at dei verna interessene må definerast vidare enn før. Vi er blitt langt meir sårbare for åtak og hendingar som skjer andre stader i verda. Som eit ledd i det internasjonale samarbeidet er det dessutan naturleg at den norske straffelova også råkar terrorhandlingar som primært går ut over andre land og folkegrupper. Men forslaget er på fleire punkt for vidtgående og upresist.

For det første vert det ikkje gjort noko forsøk på å skilja etter kva slag land og styresmakter aksjonane rettar seg mot. Både historia og samtida viser at det nokre gonger er nødvendig å ty til ulovlege handlingar for å verja eit folk mot, eller frigjera folket frå udemokratiske og undertrykkjande regime. Ei rekkje personar som er busette i Norge, både nordmenn og utlendingar, har delteke i eller støtta(r) slike aksjonar. Det er uheldig at lovteksten også dekkjer slike handlemåtar, under trussel om lova si strengaste straff.

For det andre er det uheldig at forslaget ikkje gjer noko forsøk på å trekkja ei grense mot ulovlege demonstrasjonar, sivile ulydnadsaksjonar og andre ureglementære meiningsytringar. Slike aksjonar kan vera ubehagelege for styresmaktene, men bør motarbeidast med meir normale verkemiddel enn dei som vert stilt til rådvelde i kampen mot internasjonal terrorisme.

Desse to innvendingane har også stått sentralt i diskusjonen omkring EU-forslaget til definisjon av terrorisme. Det er grunn til å merka seg at Unionsrådet i EU måtte gå ut med ei presiserande tolking ("declaration") til rammeavgjerda om terrorisme, der det heiter at denne berre omfattar handlingar som utgjer eit trugsmål mot medlemsstatane sine "demokratiske samfunn", og ikkje handlingar som tek sikte på å "gjenskapa demokratiske verdiar" eller uttrykkja meiningar (sjølv om det skjer lovbrøt i samband med dette).<sup>1</sup> Denne typen avgrensingar er så viktige for å klargjera rekkevidda av regelen, og for å styrkja legitimiteten til straffebodet, at dei må koma til uttrykk i sjølve lovteksten (ikkje berre i motiva).

Eit anna svakt punkt ved definisjonen av terrorisme er uttrykket "strukturer". Dette er lite eller ikkje nytta i lovtekst tidlegare. I daglegtalet synest det ikkje å ha ei særleg tydeleg tyding. Ein bør difor vurdera å erstatta dette med eit meir velkjent og veldefinert uttrykk, som t.d. "institusjoner". I alle høve blir det viktig å føreta ei klargjering av uttrykket i lovmotiva.

Departementet nemner sjølv at uttrykket "internasjonal organisasjon" er for vidtrekkjande. Dette er eg samd i. Når det gjeld t.d. humanitære organisasjonar, bør desse haldast utanfor. Det er sjølvagt god grunn til å verna slike, men det kan vi gjera gjennom den vanlege straffelovgivinga. Terrorisme-paragrafen bør avgrensast til å verna organisasjonar som har ei særleg rolle i vernet om tryggleiken og stabiliteten i verda, dvs. tryggingspolitiske og overnasjonale organisasjonar. På denne måten vert regelen noko meir avgrensa, og får ein tydelegare profil.

Generelt er definisjonen av terrorisme, særleg avgrensinga mot andre ureglementære aksjonar, så viktig at departementet bør leggja eit særleg arbeid ned i denne sida av lovforslaget. Ein open dialog og debatt, der ulike politiske rørsler og aksjonsgrupper får koma til orde, kan gi hjelp til å klargjera regelen og styrkja legitimiteten til det endelege framlegget.

### 2.3. Kva handlingstypar bør vera medrekna i terrorisme-paragrafen?

Opprekninga av handlingstypar i § 147a andre ledd byggjer i stor grad på liknande forslag i Danmark og EU. Desse forslaga synest igjen å ha teke utgangspunkt i dei ulike FN-konvensjonane om terrorisme, som finansieringskonvensjonen viser til.

I forslaget frå Justisdepartementet er til dels også typiske **førebuingshandlingar** medrekna, nærare bestemt visse reglar om "Forbund", samt § 161 om innkjøp e.l. av sprengstoff for å utføra brotsverk. Denne lovgivingsteknikken synest ikkje å ha noko samband med dei folkerettslege pliktene eller med ønsket om ei tilpassing til EU-forslaget. Høyringsnotatet gir heller ikkje andre argument for denne sida av forslaget.

<sup>1</sup> Den fullstendige teksten finn ein i vedlagte utskrift frå nettsida til Statewatch.

Etter mitt syn er det både unødvendig og uheldig å inkludera typiske førebuingshandlingar i hovudregelen om terrorisme i straffelova. Alle typar førebuingshandlingar bør i staden regulert av den særskilte førebuingregelen i tredje ledd.

Ei slik løysing vil for det første samsvara betre med den norske lovgivingstradisjonen. Det er i straffelovgivinga vanleg å trekkja eit skilje mellom straffebod som skadar eller krenkjer bestemte retts gode, og straffebod som rettar seg mot førebuingshandlingar til slike brotsverk. Den sistnemnde typen straffebod vert rekna som "delicta sui generis" (Periferi s. 305), og vert regulert i eigne paragrafar eller ledd. Dei ulike reglane om "Forbund" er døme på dette. Det same gjeld § 161.

Denne lovgivingsteknikken har klare pedagogiske fordelar. Det vil bli tydelegare at det er dei skadelege følgjene av terrorhandlingar som straffelovgivinga primært tek sikte på å verna mot. Kriminaliseringa av førebuingshandlingar vil framstå som eit supplement, for å koma dei alvorlege skadane i forkjøpet. Ein slik lovgivingsteknikk vil etter mitt syn bidra til å styrkja legitimiteten både til terrorisme-paragrafen og førebuing-regelen.

Det bør dessutan vera klare skilnader i strafferammene mellom utføring og førebuing av terrorisme. Lova si strengaste straff bør reserverast for dei verkeleg skadegjerande og allmennfarlege handlingane. Slik terrorisme-paragrafen er føreslått utforma, vil også reint førebuingshandlingar som i seg sjølv er lovlege (t d innkjøp av eit våpen) kunna straffast med 21 års fengsel dersom det vert ført bevis for terror-forsett. Dette skaper eit urimeleg mishøve mellom ytre handling og straff, og inneber ei uheldig subjektivering av straffansvaret (jf nærare Periferi s. 376).

Ved å inkludera førebuingshandlingar i terrorisme-paragrafen utvidar ein også rekkevidda av det øvige regelsettet på ein uheldig og kanskje utilsikta måte. Tredje ledd i § 147a råkar på denne måten "førebuing til førebuing". Og § 147b vil råka finansiering av "førebuing til førebuing". Det er vanskeleg å seia kor vidt regelsettet på denne måten vil femna. Men det er i seg sjølv uheldig. Omsynet til legalitetsprinsippet tilseier at rekkevidda av reglane bør vera gjennomtenkt og klargjort på førehand. Dette vert særleg viktig her, fordi straffereglane indirekte også trekkjer rammene for politiet sine fullmakter til å nytta utradisjonelle etterforskingmetodar.

I forslaget til terrorisme-paragraf vert **trusslar** om terrorisme likestilt med utført terrorisme. Også dette er etter mitt syn uheldig. Trusslar har rett nok meir preg av ytre uakseptabel handling enn t d innkjøp av våpen. Men det bør vera skilnad i strafferamma mellom alvorlege, skadelege handlingar og trusslar om slike. Det har i alle fall vore det vanlege i norsk rett til no. Også lovteknisk bør ein skilja mellom utført terrorisme og trusslar om dette, for å markera tydelegare kva som er kjernen i kriminaliseringa. Ein straffeskjerpande regel om terror-trusslar kan anten takast inn i § 222 eller som eit eige ledd i utkastet til § 147a.

### 3. Førebuing av terrorisme

Ved utforminga av førebuingssdelikt er det alltid krevjande å kombinera ønsket om ei vid rekkevidde med kravet til rimeleg presisjon i straffelovgivinga. Men også her kan ein god lovgivingsteknikk minska spenninga mellom dei motstridande omsyna.

For det første er det viktig å klargjera kva slags brotsverk det skal vera straffbart å førebu. Her vil det hjelpa mykje dersom ein flytter reglane om "Forbund" og § 161 ut av terrorisme-paragrafen, jf framanfor. Då står ein hovudsakleg igjen med meir typiske følgjedelikt i

hovudregelen. Men ein bør også tenkja nærare gjennom forholdet mellom strafflegginga av terror-trusslar og førebuingensreglen i § 147a tredje ledd. Trusslar vert nok generelt sett førebudd på ein annan måte enn skadegjerande handlingar. Det er difor ikkje sikkert at behovet for førebuingensansvar her er like stort. I alle høve bør ein i lovmotiva klargjera kva ein tenkjer på med førebuing av trusslar, dersom ein vel å kriminalisera dette i større eller mindre grad.

For det andre er det etter mitt syn eit sterkt behov for å presisera kva type førebuingshandlingar som skal vera straffbare. Dei føreslåtte uttrykka ”planlegger eller forbereder” er vide og vage. I norsk straffelovgivning har ein tradisjon for å konkretisera dei straffbare førebuingshandlingane i større grad enn dette.<sup>2</sup> At Resolusjon 1373 talar om ”planning and preparation” treng ikkje tolkast som eit påbod om ei ordrett omsetjing ved utforminga av nasjonal lovtekst. Mellom anna er rekkevidda av forsøks- og medverkingsansvaret så ulik i ulike land, at lovgivingsteknikken ved kriminalisering på førebuingensstadiet av den grunn vil måtta variera mykje. Det bør lata seg gjera å imøtekoma Sikkerhetsrådet sitt pålegg om å straffleggja førebuing med ein lovgivingsteknikk som tek betre omsyn til det ”Bestimmtheitsgebot” som lovgivar i mange land forsøker å leva opp til, og som også er nedfelt i EMK (Periferi s. 370).

I norsk rett vil det vide medverkingsansvaret fanga opp mange av dei handlingane på førebuingensstadiet som i FN-resolusjonen vert kalla ”planning and preparation”. Ei kvar oppmoding eller støtteerklæring, og eit kvart råd, vil normalt utgjera forsøk på psykisk medverking sjølv om hovudmannen framleis er på førebuingensstadiet. Det er berre dei tilfella der den som kom med oppmodinga e l sjølv etter planen skulle delta vidare i planlegging og utføring, som ikkje vil bli fanga opp av medverkingsansvaret (då er også hjelparen på førebuingensstadiet for sin del). Men i slike tilfelle vil handlemåten som oftast bli omfatta av særreglar om ”Forbund”, der lova har slike. Dessutan kan oppmodingar bli omfatta av strl. § 140 eller § 160, rådgiving om bruk av sprengstoff eller gift av § 160, og deltaking eller støtte til kriminelle eller samfunnsskadelege organisasjonar av §§ 104a eller § 330.

Når det gjeld **psykisk førebuing** vil med andre ord kombinasjonen av det vide medverkingsansvaret og eksisterande førebuingensreglar i norsk rett langt på veg oppfylla dei folkerettslege pliktene. Det einaste behovet for nykriminalisering synest for praktiske føremål å vera inngåing av ”Forbund” om slike former for terrorisme der vi ikkje alt har ein eigen forbunds-regel. Dette kan t d løysast ved å gi ein generell regel om ”Forbund” i § 147a tredje ledd, og leggja til at der ”Forbund” allereie er kriminalisert etter andre reglar, kan straffa aukast med t d ein halvdel dersom personane har hatt terror-forsett.

Når det gjeld **fysisk førebuing** er behovet for nykriminalisering noko større. For den som skal delta i sjølve terroraksjonen, vil medverkingsansvaret ikkje rekkja til. Den mest aktuelle regelen om fysisk førebuing som straffelova i dag har, er § 161. Men denne er avgrensa til ein bestemt type midlar. Jamvel om våpen også vert inkludert i regelen, vil det vera ei rekkje former for terrormidlar som ikkje vil bli omfatta. Ei lojal oppfølging av Resolusjon 1373 krev difor ein noko meir generelt utforma regel om fysisk førebuing.

Det er neppe råd å sameina behovet for å råka varierte former for terror-førebuing med eit ønskje om å konkretisera i detalj kva typar fysisk førebuing som skal vera straffbart. Men

<sup>2</sup> Lov av 18.08.1914 nr. 3 om forsvarshemmeligheter råkar den som ”ved avtale eller på anden maate søker at forberede...”. Denne regelen framstår som unntaket som stadfestar regelen. Ein må venta at det utvalet som skal sjå på straffelova kap. 8 og 9 og tilgrensande reglar, vil vurdera denne førebuingensregelen på nytt. I alle høve er det ikkje gitt at terror-lovgivinga bør gå like langt.

behovet for presisjon i lovteksten kan imøtekomast eit stykke på veg gjennom ei tydeleg avgrensing til fysisk førebuing, og ein meir generell omtale av kva førebuingsmåtar som vert råka. Den generelle nederlandske førebuingregelen er døme på ein slik lovgivingsteknikk (jf Periferi s. 356-359).<sup>3</sup> Alternativt kan ein ta inn ei meir konkret opprekning av typiske former for fysisk førebuing, t d etter mønster av § 161, og supplera med ”eller på lignende måte” (sml. § 86).

#### 4. Finansiering av terrorisme

Forslaget til ny §147b synest i hovudsak å råka handlingar som allereie i dag utgjer straffbar medverking. Men som departementet nemner, går nok regelen noko lenger. Det gjeld ikkje berre innsamling av midlar utan at overlevering har skjedd, men også finansiering av framtidige terrorhandlingar som ein sjølv skal vera med på å utføra (då er den som finansierer framleis på førebuingstadiet for sin del). Denne utvidinga av straffansvaret synest å vera nødvendig for å oppfylla terrorfinansieringskonvensjonen, og har også elles gode grunnar for seg.

Det alternative skuldkravet i første ledd er utforma etter mønster av terrorfinansieringskonvensjonen art. 2 par. 1. Men denne formuleringa har samanheng med at det varierer frå land til land kva som ligg i det tradisjonelle forsettskravet. I norsk rett vil eit vanleg forsettskrav dekkja begge alternativa (hensiktsforsett og sannsynsforsett). Det vil dessutan trekkja med seg eventuelt forsett. Sjølv om det kan reisast innvendingar mot den sistnemnde forsettsforma, er det eit meir generelt problem. I praksis vil dessutan tilfelle der domfelling på grunnlag av eventuelt forsett kunne ha vore aktuelt, heller bli pådømt etter den meir vidtgående regelen i andre ledd. Ein bør difor forenkla regelen ved å innføra eit vanleg forsettskrav.

Forslaget til andre ledd tek sikte på å imøtekoma dei langt meir vidtgående krava i Resolusjon 1373 artikkel 1 d). Tanken bak denne regelen synest å vera at ein ikkje berre bør kriminalisera forsettleg finansiering av terrorhandlingar, men også det handla med ein terrorist meir generelt. Problemet er at regelen er svært vidtgående, slik at det lett blir eit uklart skilje mellom lovlege og ulovlege økonomiske transaksjonar. Lovgivar bør difor gjera sitt ytterste for, gjennom presiseringar i lovtekst og lovmotiv, å klargjera rekkevidda.

Slik utkastet til andre ledd er utforma, går det lenger enn Resolusjon 1373. Det norske forslaget talar om ein person som ”forbereder eller gjennomfører” ei terrorhandling. Uttrykket ”forbereder” vil her naturleg bli tolka i lys av § 147a tredje ledd. Resolusjon 1373 talar om ein person som ”commit or attempt to commit or facilitate or participate in the commission of” terrorhandlingar. Det er her særleg uttrykket ”facilitate” som kan ha ført til at ein har teke ”forbereder” inn i lovforslaget.

Men det er grunn til å merka seg skilnaden i ordbruken til art. 2 e) i resolusjonen (”planning, preparation”). Dette støttar opp under ei snevrare tolking av ”facilitate”, som også er språkleg meir nærliggjande. Både ”facilitate” og ”participate” siktar til det vi i norsk rett reknar som medverking, høvevis før og under utføringa av brotsverket. Dermed skulle det vera nok å knyta andre ledd i finanseringsforbodet til personar som utfører, forsøker å utføra eller medverkar til terrorhandlingar. Ei slik løysing samsvarer også godt med dei terror-relaterte konvensjonane som finansieringskonvensjonen refererer til i art. 2 a). Fleire av desse er bygt

<sup>3</sup> Merk at uttrykket ”i forening” (”in vereniging”) i den nederlandske straffelova art. 46 no er teke ut. Dette skjedde som ledd i oppfølginga av Resolusjon 1373, jf Staatsblad 2001 nr. 675.

opp etter same mønster, og omfattar forsøk og medverking til dei aktuelle handlemåtane, men derimot ikkje førebuing.

§ 147b vil uansett få ei uvanleg vid rekkevidde, dersom Resolusjon 1373 skal følgjast opp. Etter mitt syn er det difor uheldig å ha heile 10 års fengsel som strafferamme her. Det er ei unødige streng straff, og utløyser dessutan heimel for å nytta dei mest inngripande etterforskningsmetodane. Dersom ein held fast ved 10 år som strafferamme etter første ledd, vil t d 5 år vera meir høveleg for handlingar etter andre ledd. Også dette vil vera ei streng straff, når ein tek omsyn til at det dreier seg om handlingar som ligg heilt i grenselandet mot vanleg handel ogandel.

## 5. Andre spørsmål

Eg har dessverre ikkje hatt høve til å gå like grundig gjennom dei andre delane av høyringsnotatet, og nøyer meg her med enkelte spreidde merknader.

Forslaget til reglar om "frysing" av økonomiske midlar har ein nær samanheng med utforminga av §§ 147 a og 147b. Dersom desse reglane blir avgrensa og stramma inn slik som føreslått, vil også frysingsregelen få eit klarare verkeområde. Men reint lovteknisk verkar det både unødvendig og noko forvirrande å ta inn uttrykket "å forberede eller gjennomføre" i innleiinga til § 202 d. I staden bør ein her nøya seg med ei rein tilvising til §§ 147 a og 147b.

Også den føreslåtte meldeplikta ved mistanke om terrorfinansiering vil få eit noko tydelegare verkeområde dersom dei materielle straffereglane vert straffa inn som føreslått. Det er dessutan grunn til å gjera merksam på at det berre er terrorfinansieringskonvensjonen (art. 18) som pålegg statane tiltak i denne retninga. Det skulle såleis vera nok med ei meldeplikt etter § 147b første ledd. Dette vil gi meldeplikta ei meir realistisk og praktikabel rekkevidde.

Eg sluttar meg fullt ut til departementet sitt prinsipielle syn i kap. 11.1 om at det er "uheldig å la straffebud favne urimelig vidt for at politiet skal ha mulighet til å forebygge og avverge kriminalitet". Eg er også samd i at ein i denne omgang let vera å endra strl. § 104a. Denne regelen vil jo i alle høve bli gjenstand for revurdering gjennom det utvalet som er sett ned for å vurdera reglane i strl. kap. 8 og 9.

Men også meir generelt er det nok behov for ei ny gjennomtenking av i kva omfang (og evt. korleis) straffelova bør kriminalisera deltaking og støtte til kriminelle og samfunnsskadelege organisasjonar. Mellom anna i EU sine rammeavgjerder mot terrorisme (27.12.01), ser ein større vilje til å kriminalisera bestemte typar organisasjonar, og nytta dette som eit knutepunkt for forbod mot støtte og finansiering. Tendensen internasjonalt til å "svartelista" namngitte organisasjonar, kan også til å påverka utforminga av eller tolkinga av straffebod av denne typen.

Forslaget om å utvida § 161 har eg drøfta tidlegare (Periferi s. 385-386). Det heng også saman med spørsmålet om korleis ein skal utforma forbodet mot fysisk førebuing av terrorisme, jf punkt 3 framanfor. Men dersom ein først skal gi § 161 ei meir moderne språkdrakt, bør ein erstatta uttrykket "vet eller må anta" med eit vanleg forsettskrav. Dette vil ikkje innebera noko realitetskrav i høve til den måten regelen blir tolka på i dag (Periferi s. 333-334).